

## Velkommen til nytt skuleår på Høydalsmo skule



Etter ein ikkje alt for solrik sommar er det godt å vere tilbake på Høydalsmo skule. Bateria er lada, sjølv om det er vasskraft som har stått for oppladinga i år. Håpar alle har hatt ein fin ferie! Lærarane er allereie godt i gang med planlegging og klargjering, og me gler oss til å få elevane på plass og ta fatt på eit nytt skuleår. I år har me ingen nye fyrsteklassingar som byrjar på skulen vår. Men me får ein gjesteelev frå Australia i nokre månader. Me håpar på eit fint og lærerike år.

To nye lærarar er på plass – Helga R. Jordan er kulturskulelærer og skal ha noko musikk hjå oss. Anders Gaastjønn har kome til oss frå skulen på Dalen. Han skal blant anna ha ein del spes.ped. Sigrid Lindheim kjem til oss i slutten av september. Ho skal ha nokre av oppgåvene til miljøterapeut Emilie som er i barselpermisjon. Velkommen til Høydalsmo skule alle saman.

Skuledagen vår startar 08.45 og held fram til 14.25. Det er framleis høve til å tinge skulemjølk, info om dette finn de på kommunen si heimeside.

Ungdomskulen vil frå 21.august få tilbod om skulemat. Nokre gonger gjennom skuleåret blir det kantine for heile skulen. Desse dagane er det ikkje skulemat for ungdomsskulen. Leksehjelp blir på måndagar frå kl.14.30-15.30.

Påmelding til dette kjem i løpet av kort tid. I år kan me tilby leksehjelp frå 3.-10.klasse. Håpar elevane vil nytte seg av tilbodet.

Det er terminsskifte i januar. Me held fram med utviklingssamtaler tidleg i dei to terminane, dei fyrste kjem i veke 39 og 40. Som tidlegare år skal me ha storforeldremøte med klasseforeldremøte i forkant eller i etterkant. Desse kjem i september.

Minner om at me har digitalisert *HØY-aktuelt* – informasjonsheftet til dykk foreldre. De finn no *HØY-aktuelt* på kommunen si heimeside under Høydalsmo skule. Dokument som ordensreglement og aktuelt frå opplæringslova finn de under fana *Reglement og forskrifter*. Dokument til underskriving kjem i Visma.

Me ser fram til eit lærerikt og spanande skuleår for elevane våre, der heim og skule saman arbeider for å få fram det beste i kvar enkelt elev.

God skulestart, alle saman!

Beste helsing skulen v/Dordi Didriksen

